

FAU-møte 17.01.2023

Tilstede: Veslemøy Solheim, Renate Morild, Sarah Gasda, Anders Nyland, Emma Josefina Aadland, Grethe Halvorsen, Arve Fresvik, Hanne Lilja Falkanger, Herdis Brunborg, Pål Øyvind Bakken, Vivian Midtbø (referent), Stian Totland, Kjetil Evjen, Anette Storesund

Informasjon fra rektor:

SFO

SFO i vinterferien (uke 9): SFO vil bli på Eventyrskogen (1. og 2. trinn) og i bydelshuset på Meyermarken (3. og 4. trinn). Dette pga arbeid med utbetringar av Krohnengen bygget. Der vil bli byggeaktivitet i alle etasjar og heile bygget blir derfor stengt fordi det er vurdert som ikkje trygt å ha borna der i denne perioden.

Det er svært viktig med korrekt antall påmeldingar tidleg til planlegging av langdagane.

Nærmiljømidler: Det er brukt kr 2580,- til bl.a. kino i jula.

Ny avdelingsleder SFO, Anne Gry Misund, startar 20. februar.

SKULEMILJØ

Team Skyfritt – god hjelp og veiledning inn mot personalet og borna. Bygger bredere kompetanse. Blir betre på korleis vi skal undersøke og førebygge samt treffen gode og riktige tiltak. Team Skyfritt har vore med i Tverrfagleg team, skal og delta på et PUG – og halde ei økt i utviklingstid for personellet.

Utekontakten har vore inne på skulen – gode tilbakemeldingar på det dei observerer.

Sammen for kvalitet - læring og medvirkning – Bergen kommune sin plan gir mange gode innspel til arbeid med skulemiljø/læringsmiljø gjennom elevmedvirkning. Dette jobbar vi med i utviklingstida utover våren.

Trivselslekene er godt i gang, det er god aktivitet i friminutta. Vi har miljøvakter ute i storefri. Vi har ei flott gruppe på 7. trinn som jobbar med å bygge/ordne TL lageret vårt.

LESING

1. februar kickstart på lesemånad – der vi er heldige og får besøk av formidlingskonsulent frå Bergen offentlege bibliotek. I februar er det ekstra fokus på å lese mest mogeleg. Følg med på kvart trinn sin arbeidsplan.

BIBLIOTEK

Tips til midlar for opprusting av skulebiblioteket – sendt vidare til skuleeigar og vi håper dei søker. Har fått ein del bøker gratis frå bergensforlaget Mangschou. I tillegg har vi fått hjelp frå ei engasjert mor, med kasting av gamle bøker, samt bidratt med fleire nye bøker.

TEMAKVELD

Nettvett – forslag at skule og FAU arrangerer temakveld i lag, undersøke med Barnevakten eller liknande? Tenker vi i så fall alle, eller er nokon trinn meir aktuelle?

BYGG

Eventyrskogen – veit ikkje meir enn at forhandlingar pågår.

Krohnengen – som nemnt over vil der bli nokre utbetringar av bygget i veke 9.

SU/SMU

Skoleruten for 2023/2024 vedtatt i SU/SMU 8. desember. Referat og skolerute vil bli lagt på heimesida.

EVALUERING

Kvalitetsutviklingsmøter er lagt til 30. mars hos oss. Her deltek PPT, FAU representantar, personal representantar, elevråd og ledelsen.

Etat for skole holder kurs for elevrådsstyret 24.01 om kva ei kvalitetsoppfylgjing er. FAU er tilbuddt kurs 26.01. kl 18.00.

UTVIKLINGSSAMTALER

Elevmedvirkning i fokus. Uke 12 og uke 13.

Innspel/tilbakemeldingar frå FAU:

Mobilhotell: FAU er positive til mobilhotell og ynskjer ei prøveordning på eit trinn i løpet av våren. Reglar for mobilbruk må handhevast på ein god måte/gjennomførast. Innspel til temaet kan sendast via FAU eller direkte til ledelsen ved skulen.

Ifht SFO i vinterferien: det er viktig med ein god og tidleg plan for avvikling av sfo denne veka, slik at foreldre og elevar er godt forberedt ifht at langdagane på SFO vil bli på andre lokasjonar enn det som er vanleg.

SFO: FAU må informere ny avd. leder om kva dei resterande nærmiljømidlane skal brukast på.

Temakveld: FAU undersøker med Barnevakten ifht foredrag om nettvett for foreldregruppa.

Eventyrskogen: etterspurt info, sterkt ønske om at Krohnengen får behalde bygget, framleis forhandlingar og vi ynskjer meir informasjon: er der ein «plan B» dersom kjøp av Eventyrskogen-bygget ikkje skulle ordne seg?

FAU-møte:

Status og evaluering Julemarked 2022

- Veldig vellykka, og veldig bra jobba av komiteen!
- Vi evaluerer priser til neste år, kanskje aktivitetane er prisa litt for høgt?
- Kan vi ha litt meir pynt også på plassen utanfor skulen?
- Avvikling av loddtrekning: hugs til neste år at loddtrekkar bør stå i midten, slik at alle ser/får det med seg.
- Vi må ha ein klar plan for vasking/rydding i etterkant av markedet.

Behov for opprusting av skolebiblioteket (innspel frå foreldre):

- Sjå og punktet over under informasjon frå rektor. Vi treng fleire og nyare bøker. Det er fint om nokon vil donere bøker til skolebiblioteket, men vi må passe på at dette er oppdaterte bøker, god kvalitet og i god stand.

Læringsmiljø/skolemiljø:

- Innspel: Lurt å snakke med barna om kva dei prater med venner om for å få eit innblikk i kva som føregår i miljøet.

- FAU ynskjer ein oppdatert strategi frå skulen ifht korleis ein satsar for å skape godt skulemiljø
- Utekontakten ynskjer å vere meir til stades også ved barneskulane (tidligare har dette vore vanleg kun på ungdomstrinnet). Kan vi få meir informasjon frå rektor om dette? Gjerne i nyheitsbrevet! FAU syns dette er eit veldig bra tiltak.

Elev og Foreldreundersøkelsen:

- FAU etterlyser resultatene og ber rektor informere FAU om resultatene så fort som mulig. FAU syns det er lenge å vente til 30 mars for å få resultatene, da det er kort tid igjen av skoleåret.

Kort informasjon om samtale med FAU Christi Krybbe

- Ingen store miljøutfordringar
- Engasjert FAU, vi kan gjerne bli litt meir engasjert i denne gruppa, vere flinke til å tilby å hjelpe når noko skal organiserast.

Brukmarked/Vintermarked:

- Avvikla i løpet av februar?
- Fleire som kan hjelpe Henrik og Stine med å organisere? Veslemøy hjelper til.
- Kanskje ein god ide å få ut informasjon utanfor skulen? Til barnehagane i nærområdet?

Saker som kjem inn til FAU frå foreldre, kvar gjer vi av denne informasjonen?

- Saker kan sendast vidare til ledergruppa. Kan gjerne anonymiserast i forkant ved behov.

Elevar på nærbutikken (Joker) i skuletida :

- Det er ynskjeleg at foreldre snakkar ned sine born angåande dette, representant frå butikken har kontakta skulen angåande tilfeller med store grupper barn frå skulen i butikken; støy, tilfelle av ugrei oppførsel, der har og vore tilfelle av tjuveri.
- Skulen bør sende ut ei melding i Vigilo om at foreldra må snakke med sine born om at dei ikkje skal gå på butikken i skuletida.
Bør og fylgje opp med informasjon på gruppesidene på Facebook om korleis ein oppfører seg i butikken også etter skuletid.